





I to år har Israelske styresmakter drive folkemord i Gaza. Når ein ikkje trudde det kunne bli verre, ser vi gong på gong at dei bryt internasjonal rett og at bebuarane i Gaza blir utsette for stadig meir forferdelege overgrep.

Til no er 66.000 palestinarar registrert som drepne. 18.400 av dei er barn. Det reelle talet er endå høgare.

I skuggen av den katastrofale situasjonen i Gaza, har Israel det siste året auka omfanget av militære operasjonar på Vestbreidda. Også her blir folk fordrivne frå heimane sine, hus blir jamna med jorda og menneske blir drepne og skadde.

Noreg kan, og bør, gjere langt meir for å stanse den israelske krigsmaskina og støtte kampen til palestinarane for ein eigen stat. I vår fekk SV fleirtal i Stortinget for å forby handel og næringsverksemd med selskap som bidreg til å halde oppe Israels ulovlege okkupasjon av palestinske område. Det er eit viktig steg – men SV vil at Noreg skal gå endå lenger. **SV sviktar aldri Palestina.**

SV krev at Noreg:

- trekkjer oljefondet ut av selskap som bidreg til Israel sine krigsbrottsverk og ulovlege okkupasjon
- stansar norsk våpeneksport - norske våpen skal ikkje brukast i folkemord
- stiller Netanyahu og Israel ansvarleg for brotsverka - straffefridommen må stoppe
- frys frihandelsavtalen med Israel
- bidreg med nødhjelp og gjenoppbygging av Gaza

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

